

## Gjenhøyr med The Foggy Few

11.11.2009

**Fredag 20. november vert det gjenhøyr med bandet The Foggy Few i Dønhaugkjedlaren. To gonger tidlegare har dei vitja Dønhaug, samla fullt hus begge gonger og skapt ein fantastisk stemning i det intime lokalet.**

The Foggy Few sin fengande folkrock er inspirert av irsk og skotsk musikk. Frå oppstarten i sept. 2003 har bandet delt plakat med dei største norske artistane og turnert Norge på kryss og tvers.

I denne perioden har bandet opparbeidd seg eit rykte som eit forrykande live-band med sitt folkrock-inspirerte uttrykk, og har markert seg som leiande i Norge innan sjangeren folkrockband.

I 2006 gav bandet ut sitt debutalbum "The Pint of No Return", eit album som hausta svært gode kritikkar får ei samla presse. M.a. skreiv "Dagbladet": "Snakk om å ta sjangeren på kornet...Dette er festmusikk som svingar på plate og sikkert endå meir live."

Meir info finn de på [www.donhaug.com](http://www.donhaug.com) eller [www.thefoggyfew.com](http://www.thefoggyfew.com), her kan de og lytta til lydfilar.

Magne Huglen